

Ordførar.

Fleire av oss kommunestyrerepresentantar har motteke brev og innspill frå Utdanningsforbundet vedk KS sitt debattheft 2023.

Saka er viktig for Alver kommune, for elevane og for dei tilsette i skulen.

Utdanningsforbundet skriv bla dette :

«

Lærarmangel eller ikkje?

Ved dei siste lønsoppgjera har det vore ein høglytt debatt om kompetanse og om vi har ein lærarmangel i Noreg eller ikkje. Lærarorganisasjonane har hevda at vi har ein lærarmangel i Noreg, og at denne mangelen aukar år for år, ut frå følgjande argument:

- Offisiell statistikk viser at 18,2% av undervisninga i norske grunnskular, over 15.000 årsverk, blir utført av tilsette utan godkjent lærarutdanning (GSI).
- Søkjartala til skulelærarutdanninga går nedover år for år.
- Mange skulelærarar sluttar og går over i andre yrke, dei fleste i løpet av dei første 3-4 åra etter utdanning, og mange av dei som har fullført utdanninga vel å ikkje jobbe som lærar i det heile tatt. Den siste tida har vi sett ei auke i fråfall òg av lærarar med lang erfaring.
- Dei neste 10 åra vil vi få eit generasjonsskifte ved at mange skulelærarar når pensjonsalder.

KS avviser lærarmangelen med at 98% av dei som underviser i norsk skule er kvalifiserte, men inkluderer då alle som har kome seg inn i undervisningsstillingar på unntaksreglar og dispensasjon. I tillegg peikar KS på at elevtalet er synkande dei neste 10 åra, og at vi då vil trenge 4,7% færre lærarårsverk i skulane. KS tar då ikkje omsyn til at vi allereie manglar mange tusen kvalifiserte lærarar, og at kombinasjonen av synkande søkjartal til skulelærarutdanninga og det komande generasjonsskiftet i skulen vil føre til ein aukande lærarmangel heller enn synkande.

KS hevdar i debattar at lærarutdanning er viktig, og at dei ønskjer at våre elevar skal få undervisninga si av folk med lærarutdanning. Samstundes med dette har KS i sine høyringsinnspel til ny opplæringslov, på alle punkt som omhandlar kompetansekrav til skulelærarar og skuleleiarar, åtvare mot innstramming av unntaksreglar og strengare forskriftsfesting av kompetansekrav. Utdanningsforbundet opplever her at KS snakkar med to tungar.

Korleis er stoda i Alver kommune?

Lik mange andre kommunar, har Alver kommune store utfordringar med å tilsetje nok kvalifiserte lærarar til skulane sine. Vi opplever ei markant auke i lærarar som sluttar, og ein stadig større del av dei vi spør, seier at løna er sterkt medverkande til dette. I løpet av dei fire månadane frå september til desember 2022 har over halvparten av skulane søkt etter lærarar. Dei aller fleste søkjarlistene har vore veldig tynne. Mange av søkjarane har vore ukvalifiserte, og samla sett har det ikkje vore fleire ulike kvalifiserte søkjarar enn ledige stillingar. Når vi i tillegg er i konkurranse med andre kommunar, så har vi opplevd at fleire har takka nei til jobbtilbod, og skular har måtta ty til naudløysingar.

Med bakgrunn i at KS har hevda at heile 98% av undervisninga i skulane blir utført av kvalifiserte lærarar, gjennomførte Utdanningsforbundet sine tillitsvalde ei teljing i veke 48 i november 2022. Resultatet for Alver kommune sin del var då at 15% av den ordinære undervisninga blei utført av folk utan godkjent lærarutdanning. Det same talet fekk vi òg for spesialundervisninga, altså 15% utan godkjent lærarutdanning, men i tillegg til dette blei 10% av timane ikkje gjennomførte. Samla sett blei altså berre 75% av den planlagde spesialundervisninga gjennomført at folk med godkjent lærarutdanning.»

På bakgrunn av innspelet frå Utdanningsforbundet og for å få mest mogleg kunnskap og fakta har eg fylgjande spørsmål til ordførar:

1. Korleis er det med rekrutteringa av kvalifiserte lærarar til Alver kommune?
2. Kor stor andel av dei ansatte i Alver skulen er kvalifiserte lærarar?
3. Korleis ligg Alver kommune an når det kjem til konkurranse med andre kommunar vedk løn til kvalifiserte lærarar?

Astrid Aarhus Byrknes

Gruppeleiar KRF